



Bilete syner deler av sentrum. Planen omfattar alt arealbruk i Uskedalen.

**I morgon, onsdag 2. nov., inviterer Uskedal utvikling til møte i Gamleskulen om arealdelen til Kommuneplanen 2016 - 2026. Arealplanleggjar Kjartan Thoresen vert med på møte. Han vil ha ei innleiing om plankrav og arbeidet fram til ferdig plan.. Fristen for merknader er sett til 8. desember.**

Ein arealdel til K. planen legg føringar for bygging og arealbruk i Uskedalen 10 år framover. Det er viktig med ei god drøfting, engasjement og merknader til planutkastet. Med bakgrunn i arbeidet med planstrategien for Uskedalen dei siste åra, bør ein mellom anna ha fokus på:

- Arealbruk i sentrum for å skapa ei levande og attraktiv bygd
- Strandsona frå Steinsletto til Ljosnes
- Friområde
- Naust- og hyttebygging
- Næringsareale, handel, turisme
- LNF område med vekt på landbruk
- Offentleg område: Oppvekst, kultur, idrett, trafikk og parkering

Kvinnherad kommune har før hatt informasjonsmøte i Rosendal og på Husnes. I Uskedalen er det Uskedal utvikling som tek initiativet til møte. Arrangøren reknar med eit godt frammøte noko som vil sei at Gamleskulen vert fullsett.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal